

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 17/7385-11

**Statsbudsjettet 2018 - kap. 1429 post 71 - Tildeling av tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 vert fordelt til føggjande:
 

a. Parken, S. Kloumanns allé nr. 7	kr. 50 000,-
b. Hotel Mundal, Sogndal kommune	kr. 2 500 000,-
c. Fjøs i Bensentunet, Jølster kommune	kr. 385 000,-
d. Bispestova i Lavik, Høyanger kommune	kr. 220 000,-
e. Seltuftberget brakke, Aurland kommune	kr. 300 000,-
f. Heimdalstrand, Balestrand kommune	kr. 575 000,-
g. Lovisendal, Gulen kommune	kr. 60 000,-
h. Kaupanger hovedgård, drengestova og vedhuset, Sogndal kommune	kr. 410 000,-
i. Kaupanger hovedgård, Låven, Sogndal kommune	kr. 6 000,-
j. Flahammer, Luster kommune	kr. 220 000,-
k. Wittgensteinhuset, Luster kommune	kr. 800 000,-
l. Yris hotell, Eid kommune	kr. 70 000,-
m. Håkonstova på Otternes, Aurland kommune	kr. 400 000,-
n. Eilertstova på Otternes, Aurland kommune	kr. 430 000,-
o. Vonens hus, Fjaler kommune	kr. 150 000,-
p. Restaureringsleiar	kr. 400 000,-

**Sum fordelte tilskot**
**kr. 6 976 000,-**

2. Tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap- 1429 post 71 som ikkje vert fordelt no, kr. 524 000,- og resten av rentemidlane for 2017, kr. 66 166,- vil bli fordelt seinare, samstundes med fordelinga av førehandsløyvinga for 2019.
3. Det vert ikkje løyvde tilskot til fylgjande prosjekt:
  - a. Bunker ved Måløyraidsenteret, Vågsøy kommune
  - b. Ulvikbui, Lærdal kommune
  - c. Leikvin, Eid kommune
  - d. Askelund, Balestrand kommune
4. Våningshuset på Hovland, Sogndal kommune får tildelt kr. 45 000,- til dekking av meirkostnader som følgje av vilkår i gitt dispensasjon. Midlane vert henta frå tilbaketrekte midlar frå 2015, kr. 12 000,-, og rentemidlar frå 2017 kr. 33 000,
5. Førehandsløyvinga for 2019 vert fordelt i eit seinare møte.
6. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av tilskot i tildelingsbrevet til den enkelte tilskotsmottakar.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. Brev frå Riksantikvaren av 15. februar 2017

Vedlegg 2: Vedlegg til Riksantikvarens tildelingsbev til fylkeskommunane post 71

Vedlegg 3: Omtale og vurdering av dei innkomne søknadane

### **Andre relevante dokument i saka:**

Søknadar om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 som fylkeskommunen har motteke Rundskriv T 1/17

Brev av 28. juni 2017 frå Riksantikvaren vedrørende søknadsberettigelse

Internt notat med vurdering av søknadsberettigelse for Stiftinga Otternes bygdetun og Stiftinga Wittgenstein i Skjolden

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte Riksantikvaren om eit tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap på kr. 16 252 919. Fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren var basert på innkomne søknadar frå private eigarar av freda bygningar og anlegg i fylket. I brev av 15. februar 2018 gjorde Riksantikvaren fylgjande vedtak:

#### ***Vedtak 1 om tildeling***

*Riksantikvaren gir med dette en tildeling på kr 7 500 000,- frå post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap.*

#### ***Vedtak 2 om tildeling***

*Riksantikvaren gir med dette et forhåndstilsagn for 2019 på kr 3 000 000,- frå post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap.*

### **2. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2018 fått tildelt 7,5 mill. kroner for 2018 i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fordeling blant dei innkomne søknadane. Desse midlane kjem i tillegg til 3,0 mill. kroner som fylkeskommunen fekk førehandsløyving for i 2017, og som vart fordelt i HNK-sak 56/17 med følgjande fordeling av midlane:

- |                                     |                 |
|-------------------------------------|-----------------|
| • Wittgensteinhuset, Luster kommune | kr. 1 000 000,- |
| • Hotel Mundal, Sogndal kommune     | kr. 1 000 000,- |
| • Bispestova, Høyanger kommune      | kr. 100 000,-   |
| • Ormelid, Luster kommune           | kr. 600 000,-   |
| • Restaureringsleiar                | kr. 300 000,-   |

Med førehandstildelinga for 2018 er den totale tildelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå post 71 på 10,5 mill. kroner i 2018. Dette er ei auke i tilskota frå 2017 på 3,0 mill. kroner.

I tillegg har fylkeskommune fått ei førehandsløyving for 2019 på 3,0 mill. kroner.

I si grunngjeving for tilskotet syner Riksantikvaren til at hovudføremålet for kulturminna er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminne som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap oppleving og verdiskaping. Midlane frå post 71 er knytt til nasjonalt mål

om at freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. I si fordeling av tilskot har Riksantikvaren lagt vekt på oppfølging av tilstandsregistrering, restansar i tilskotsmidlar og ferdigstilte tiltak. Vidare syner dei til at fylkeskommunen har eit sjølvstendig ansvar for kulturminnevern og at det er viktig at fylkeskommunane har eigne tilskotsmidlar til istandsetjing av freda og verneverdige bygningar.

Riksantikvaren si fordeling til fylka i 2017 er basert på følgjande kriterier:

- Tal freda bygningar i fylket
- Tal kvalifiserte søknadar frå private eigarar.
- Tal freda bygningar i privat eige med forbetra tilstandsgrad i løpet av dei siste fem åra.
- Bygningselement som ein ynskjer istandsett skal vere tilstandsvurdert.
- Oppdatert tilstandsgrad på bygningselement/bygningar etter istandsetjing.
- Ubrukte tilskotsmidlar frå Riksantikvaren.
- Tilgang på kvalifiserte handverkarar.
- Kapasitet for oppfølging av enkelte prosjekt hjå fylkesadministrasjonen

### **3. Målgrupper og nasjonale mål**

Kvart år kan private eigarar av freda og fredingsverdige kulturminne søkje om statleg tilskot til vern og sikring gjennom Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for freda bygningar i privat eige. Riksantikvaren sine tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til bygningar innan for «Bevaringsprogrammet for fredete bygningar i privat eie». Dei private eigarane av freda bygningar søkjer fylkeskommunen om tilskot, fylkeskommunen sender så ein felles søknad til Riksantikvaren om tilskot til fylket. Basert på denne søknaden og Riksantikvaren sine kriterier for tildeling av tilskot får fylkeskommunen tildelt ein sum som skal vidarefordelast. Måla for tilskotsordninga er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar og anlegg, kulturmiljø og kulturlandskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminna må vere heilt eller delevis i privat eige. Tilskotet skal dekke meirutgifter, heilt eller delevis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø som er i samsvar med fredingsføremålet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne som er typisk for liv og verksemd langs kysten.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til Noreg sine åtte freda kulturmiljø, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar. Sogn og Fjordane fylke har pr. i dag ingen freda kulturmiljø.

Dei to største utfordringane for å nå målet om ordinært vedlikehaldsnivå på freda bygningar i privat eige er tilgang på kvalifiserte handverkarar og tilstrekkeleg økonomisk støtte til å gjennomføre restaureringane på eit høgt kvalitativt nivå. Auken i årets tilskotsmidlar vil bidra til ein auke i økonomisk støtte til istandsetjingstiltak i vårt fylke. Ei anna utfordring i fleire nødvendige prosjekt har vore, og er, eigar si evne/vilje til å ta sin del av kostnadane ved istandsetjing av eigne bygningar.

### **4. Generelle føresetnader**

#### **4.1 Riksantikvaren sine kriterier for fylkeskommunal sakshandsaming**

I vedlegg til Riksantikvaren sitt brev av 15. februar 2018 gav dei fyljande føringar for fylkeskommunane si søknadshandsaming:

##### *Overordna kriterium*

- Tilskot til istandsetjing skal gå til private eigarar av freda bygningar, anlegg, kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Kulturminne knytt til kystkultur som

har nasjonal verdi og høg regional verdi kan også tildelast tilskot sjølv om kulturminna/kulturmiljøet ikkje er freda. I slike tilfelle skal verneverdien grunnjevast og grunngevinga dokumenterast på saka.

- Det skal føreligge søknad før det kan utbetalast tilskot, jf. rundskriv T-1/17.
- Særskilde prioriteringar kan gjevast i i tilskotstildelinga frå direktoratet, eventuelt på bakgrunn av føringar frå Storting, regjering og departement.
- Private eigarar kan til dømes vere enkeltpersonar, stiftingar, aksjeselskap, sameige, foreiningar og andre frivillige organisasjonar, jf. rundskriv T-1/17 og Riksantikvaren sitt brev til fylkeskommunane av 28. juni 2017 vedrørande søknadsberettigelse.
- Dersom bygningen ikkje er tilstandsregistrert må dette gjerast før midlar kan tildelast.

#### *Prioriteringar*

- Tiltak som hindrar ytterlegare forfall skal prioriterast.
- Bygningar eller anlegg som forfell, skal mellombels sikrast i påvente av planar eller tilstrekkeleg økonomi til istandsetjing.
- Tiltak på freda bygningar og anlegg det er få av skal prioriterast.
- Bygningar og anlegg med TG3 og TG2 skal prioriterast.

For meir utfyllande om Riksantikvaren sine kriterier for fylkeskommunal sakshandsaming syner vi til vedlegg 2. I tilstandsregistreringa av dei freda bygningane er TG1 ordinært vedlikehaldsnivå, TG2 moderat tiltaksbehov og TG3 betydeleg tiltaksbehov.

#### **4.2 Tilstandsvurdering av freda bygningar i privat eige**

Tilstandsvurderinga av dei freda bygningane er viktig i samband med fordeling av midlane og for å kunne rapportere på grad av måloppnåing av det nasjonale målet om at alle freda bygningar skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Erfaringane så langt syner at skadeomfanget ofte er mykje større enn det tilstandsregistreringa syner. Dette grunna mellom anna at ein del skadar ikkje er synlege då dei er kledd inn med ytterkledning og innvendig tapet/lerret/panel. Dette fører ofte til at kostnadsoverslaga frå handverkar ikkje held og at reparasjonane vert dyrare enn forventa.

Tilstandsvurderinga av dei freda bygga i Sogn og Fjordane vart i hovudsak gjort i 2007. Tilstandsgrad på ein del av bygningane har blitt forverra etter tilstandsregistreringa. I tillegg har fylket nokre anlegg som ikkje er tilstandsregistrert. Dette gjeld i hovudsak nokre av dei freda prestegardane. For bygningar som ikkje er tilstandsregistrert, eller der tilstandsregistreringa er over 10 år, vert tilstandsgrada i kulturminnedatabasen Askeladden sett til TG9. TG9 tyder ukjent tilstandsgrad. Då svært mange av tilstandsregistreringane i vårt fylke vart gjennomført i 2007 utgjer dei hovuddelen av bygningane i vårt fylke som har fått TG9.

Då tilstandsregistreringa er svært viktig for tilskotshandsaminga frå post 71 prioriterer fylkeskommunen å få tilstandsregistrert dei resterande bygningane på dei freda prestegardane, samt oppdatere eldre tilstandsvurderingar. Kva bygg som vil bli prioritert for oppdatering av tilstandsanalysen, vil vere avhengig av eigar sine behov og eventuelt anlegg der vi har hatt lite kontakt med eigar sidan førre tilstandsanalyse. Fylkeskommunen har generelt god kontakt med mange eigarar av freda bygg og gjennom denne kontakten har vi god oversikt over tilstanden til dei freda bygningane i fylket.

I 2017 vart 25 freda bygningar som manglar tilstandsregistrering tilstandsregistrert. I tillegg vart tilstandsgrada på dei bygningane som hadde fått tildelt tilskot oppdatert i samband med fylkeskommunen si rapportering på bruk av tilskotsmidlar.

Riksantikvaren sitt mål er at innan sommaren 2019 skal prosentandelen av bygningar med TG9 vere redusert til maksimalt 3%. Dette er eit ambisiøst mål då det ved nyttår 2018 var 27% av dei freda bygningane i privat eige som hadde TG9. For å nå dette målet har Riksantikvaren frå 2017 ytt eit tilskot til tilstandsregistrering av bygningar som ikkje er tilstandsregistrert og bygningar som har tilstandsregistreringar som er eldre enn 8 år. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk for 2017 kr. 75 000,- frå denne ordninga. Summen var basert på dei 25 innrapporterte nye tilstandsregistreringane og der Riksantikvaren ytte eit tilskot på kr. 3000,- pr. tilstandsregistrering. Dette dekkjer ca. 50% av kostnadane med tilstandsregistreringa. For 2018 har Riksantikvaren vurdert kostnadane med tilstandsregistrering til å vere ca. kr 8000,- for

kvar nyregistrert bygning, og gjennom deira refusjonsordning dekker dei halvparten av denne kostnaden. Fylkeskommunen vil i 2018 fortsetje arbeidet med å fornye tilstandsregistreringa på dei freda bygningane, og vi vil nytte oss av refusjonsordninga til Riksantikvaren for å få dekkja delar av kostnadane ved dette. Då vi har ei stor mengde bygningar der tilstandsanalysen no er over 10 år gamle og har blitt sett i TG9 vil fylkesdirektøren vurdere høve til å leige inn ekstra ressursar til dette i tillegg til det arbeidet restaureringsleiar gjer med tilstandsregistreringa. Leigde ressursar til dette skal i så fall dekkast av Riksantikvaren si refusjonsordning.

#### **4.3 Restaureringsleiar**

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein restaureringsleiar for freda bygg som skal følgje opp det praktiske restaureringsarbeidet på dei freda bygningane i fylket. Stillinga har vore delfinansiert ved å nytte ca. 10 % av tilskotsmidlane til freda bygg og anlegg. Frå 2013 har fylkeskommunen også nytta ca. 10% av tilskotsmidlane til verdsarv til å finansiere denne stillinga. Ei følgje av dette er at arbeidsområdet knytt til stillinga har blitt utvida til å omfatte verneverdige bygningar i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

I samband med istandsetjingsprosjekt på freda bygningar har restaureringsleiar ein svært viktig funksjon ved å fylje opp både eigar og utøvande handverkarar slik at istandsetjinga held ein høg kvalitet. Vidare er det restaureringsleiar som utfører tilstandsregistreringane på dei freda bygningane og som har ein tett kontakt med dei ulike eigarane når dei har behov for å gjere tiltak på bygningane sine.

Grunna storleiken på tilskotet som fylkeskommunen fekk tildelt i 2018, føreslår fylkesdirektøren at ein for 2018 nyttar ein mindre prosentdel av tilskota til restaureringsleiar enn det vi har gjort tidlegare.

#### **4.4 Rett til tilskot**

Tilskot frå post 71 skal gå til eigedomar som er i privat eige. Fleire av dei freda og fredingsverdige eigedomane i fylket er eigd av stiftingar. I brev av 28. juni 2017 presiserte Riksantikvaren at tilskot frå post 71 ikkje kan gjevast til freda bygningar og eigedom som er i kommunalt, fylkeskommunalt eller statleg eige, berre til eigedomar som er i privat eige. Private eigarar kan vere einskildpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kyrkjesokn, sokneråd, frivillige organisasjonar eller liknande. Riksantikvaren presiserer vidare at statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak og bedrifter som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt ikkje har rett på tilskot.

Den enkelte fylkeskommune skal gjere si sjølvstendige vurdering av om ein søkjar har rett på tilskot. I Sogn og Fjordane har vi difor gjort vurdering av to stiftingar som har, eller har hatt tett tilknytning til kommunen. Dette er Stiftinga Wittgenstein i Skjolden og Stiftinga Otternes bygdetun. Det vart her gjort ei juridisk vurdering av retten til tilskot, og konklusjonen var at begge kunne reknast som private eigarar og at fylkeskommunen difor kunne løyve tilskot til desse to stiftingane.

#### **4.5 Status for oppstarta store istandsetjingsprosjekt i Sogn og Fjordane**

##### Yris hotell i Eid kommune

På Yris hotell har det frå 2008 vore gjennomført eit større arbeid med tak, konstruksjon og grunnmur. Mykje av restaureringsarbeidet er ferdigstilt og eigar har i 2017 måla huset og reparert vindauga og ytterdører. Framleis står det att arbeid med remontering av dei demonterte interiørdelane og plan for tilpassing av bygningen til ny bruk. Fylkeskommunen har tatt eit stort ansvar for det arbeidet som har vore gjort fram til 2015. I møte med eigar i 2016 ynskte eigar å ha hovudansvaret for den vidare istandsetjinga av bygningen og fylkeskommunen har no ei meit tilbaketrekt rolle i dette prosjektet. Vår oppgåve er å fungere som rådgjevar for eigar og handverkar med tanke på å i vareta dei antikvariske sidene ved istandsetjinga. Bortsett frå ei kort melding og foto har ikkje fylkeskommunen motteke noko rekneskap eller rapport på det arbeidet som vart utført på Yris hotell i 2017. Det løyvde tilskotet til Yris hotell er difor ikkje utbetalt pr. i dag.

Ormelid i Luster kommune

På garden Ormelid er det løyvd tilskot til istandsetjingstiltak til både stabburet og Øvstastova. Stiftinga har hatt utfordringar med å få tak i handverkar til å gjennomføre desse tiltaka, men den siste tilbakemeldinga er at dei har engasjert firmaet *Stokk og stein* som vil starte opp arbeidet med bygningane så snart vegen er fri for snø. Planen er at dei skal vere ferdigstilt i løpet av hausten 2018.

Heimdalstrand i Balestrand kommune

Frå 2016 har det vore gjennomført eit stort arbeid med istandsetjing av husa på Heimdalstrand. Alle vindauga på bustadhuset er kitta om att og måla, arbeida på tømmerkonstruksjon og grunnmur er ferdigstilt. I tillegg er trappa frå vegen og ned til huset blitt tilbakeført slik at det igjen er ei steintrapp og tilgangen til huset har blitt vesentleg enklare. På stabburet har det kome nye stabbar og bygningen står no trygt. Eigar planlegg å få reparert trappa opp til stabburet slik at tilgangen til det vert god.

Den omfattande utvendige dekoren er framleis i dårleg stand då eigar har måtta prioritert anna arbeid på husa. I 2018 er planen å få sett den i stand att, samt tilbakeføre trappa frå verandaen ned til hagen. Ved å få tilbakeført trappa vil huset sin hovudfasade bli slik den var på den tida huset vart bygd og då målarinna Emma Normann budde der.

Hotel Mundal

I HNK-sak 56/17 vart det løyvd tilskot til istandsetjing av Hotel Mundal, ein mindre del av tilskotet var tilgjengeleg i 2017 medan hovuddelen av tilskotet var frå førehandsløyvinga for 2018. Eigar planlegg ei omfattande istandsetjing av taket samt opprusting av hotellet. Istandsetjinga av taket skal starte opp i 2018.

Fylkeskommunen varsla den 28. september 2017 oppstart av fredings sak. Planen er at framlegg om freding av Hotel Mundal vert sendt på høyring i løpet av juni 2018.

Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden

Arbeidet med tilbakeføringa av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden går etter planen. Huset vart i 2017 merka og demontert og er no til reparasjon/rekonstruksjon hjå handverkar i Luster. Målet er at huset skal monterast på opphavleg tomt i løpet av 2018.

**4.6 Komande store istandsetjingsprosjekt i Sogn og Fjordane**

I desember 2017 tok Riksantikvaren kontakt med fylkeskommunane med spørsmål om vi hadde nokon særleg store og kostnadskrevjande istandsetjingsprosjekt som ikkje har blitt gjennomført på grunn av kostandar og usikkerheit om framtidige prosjekt. I brev av 13. desember 2017 melde vi inn to anlegg der vi ser at det i åra framover vil bli behov for betydelege tilskot for å kunne setje bygningane i stand. Dei innmeldte eigedomane var Bensentunet i Jølster kommune og Otternestunet i Aurland kommune.

Bensentunet

Bensentunet i Jølster er eit gardstun der alle bygningane er freda. Tunet har ei høg grad av autentisitet og er svært godt bevart. Utfordringa her er at fleire av bygningane er i dårleg stand og har behov for omfattande istandsetjing. Stiftinga som eig tunet har gjort ein del arbeid på dei mindre bygningane, men det er no behov for å gjere meir omfattande tiltak på fjøset og på stavløa. Istandsetjing av desse to bygningane vil krevje at det offentlege går inn med store tilskot, då stiftinga som eig tunet har ein svært krevjande økonomisk situasjon og har vanskeleg med å kunne gå inn med mykje midlar. I det arbeidet som har blitt gjort tidlegare og som er planlagt i 2018 har ein difor lagt seg på ei deling der tilskot frå post 71 vert brukt til å dekke det som skal betalast til handverkar og material, medan medlemmane i stiftinga har stilt opp med mykje arbeid. I samband med planlagde tiltak i 2018 stiller stiftinga opp med maskiner i tillegg til å gjere ein del av arbeidet.

Otternes

Otternestunet med sine 27 bygningar er det største av klyngetuna vi har i fylket og anlegget har ei svært høg grad av autentisitet. Dei kulturhistoriske verdiane til tunet er særleg knytt til tunet som heilskap med dei mange forskjellige bygningane. I tillegg er ein del av bygningane som står i tunet i dag sjeldne, slik som Eilertstova og Håkonstova som begge er halvlemstover. Vidare er

den store Thomasløa eit godt eksempel på dei tidlege driftsbygningane. Denne løa har ein svært høg grad av autentisitet og er viktig å ta vare på. Tilstanden på denne bygningen er dårleg og det er her behov for omfattande behov for tilskot for å kunne bevare denne bygningen.

I bevaringssamanheng er det to hovudproblem som gjer vedlikehaldet av tunet ekstra krevjande. Det eine er grunntilhøva, der mange av bygningane står på høge grunnmurar som ofte ikkje er godt nok fundamentert. Eit resultat av dette er at grunnmuren sklir unna og gjev husa setningsskadar. Det andre problemet er husbukk som har angripe fleire av bygningane i tunet. Det er her viktig å få utbetra desse skadane så raskt som mogleg før husbukken spreier seg vidare.

Ei utfordring knytt til å tildele midlar frå post 71 til Otternes er at tunet ikkje er freda. Fylkesdirektøren vurderer det difor som hensiktsmessig at det vert starta opp ei fredings sak for anlegget slik at ein kan vere føreseielege i samband med tildeling av tilskot til tunet.

#### **4.7 Bygningar som ikkje er freda, som det er føreslått å løyve tilskot til**

I framlegget til vedtak om tildeling av tilskot er det fleire bygningar som ikkje er omfatta av eit fredingsvedtak. Tilskot frå post 71 skal som hovudsak gå til bygningar som er freda i medhald av lov om kulturminne § 15. Felles for dei bygningane som det er føreslått å løyve tilskot til sjølv om dei ikkje er freda er at dei alle er kulturminne av nasjonal interesse, og for nokon av dei er det ynskjeleg å starte opp fredings sak. Riksantikvaren har godkjend at desse bygningane kan få tilskot frå post 71.

##### Otternestunet i Aurland kommune

Tunet på Otternes er sannsynlegvis det største, og best bevarte av klyngetuna i fylket. Tunet består av totalt 27 ulike bygningar. Bygningane som var samla i fellestunet tilhørde opphavleg fire bruk, og alle bygningane står på sin opphavlege plass. Tunet har ei uvanleg høg grad av autentisitet og er eit kulturminne i fredingsklasse.

I 2017 vart det løyvd tilskot frå post 71 til istandsetjing av Håkonstova. Arbeidet med den er komen godt i gang og grunnmuren er ferdig restaurert. I arbeidet med Håkonstova har det synt seg at skadane er meir omfattande enn forventa, i tillegg til at prosjektet er noko underfinansiert då dei ikkje fekk heile den omsøkte summen for 2017. Stiftinga har difor søkt om ytterlegare tilskot for 2018 til Håkonstova, samt tilskot til istandsetjing av Eilertstova og stabburet i Thomasgarden.

Fylkesdirektøren ser at det er eit stort behov for tilskot til istandsetjing av bygningane på Otternes for at dei skal kunne bli bevart for framtida. Då anlegget er eit kulturminne av nasjonal interesse kan det løyvast midlar til det sjølv om dei ikkje er freda. Dette vart stadfesta av Riksantikvaren i deira brev av 15. februar 2017 der dei skreiv fyljande:

«Riksantikvaren ser at det er søkt om midler til istandsetting av bygninger på Otternes. Vi har vurdert om midlene burde gis over post 71 eller 79 og landet på at det er mulig for Sogn og Fjordane å gi tilskuddet over post 71.»

Fylkesdirektøren finn det positivt at vi kan tildele midlar frå post 71 til Otternes slik at vi kan vere med å bidra til bevaringa av tunet. Ein utfordring er at tunet ikkje er freda og fylkesdirektøren ser at det kan vere problematisk å gje store summar over fleire år til eit anlegg som ikkje er freda. Grunna tunet sin høge kulturminneverdi har fylkeskommunen starta ein dialog med Riksantikvaren og Stiftinga Otternes bygdetun om moglegheita for å starte opp ei fredings sak for tunet.

##### Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, i Luster kommune

Den verdskjende austerriske filosofen Ludwig Wittgenstein kom til Skjolden i 1913 for å finne ro til arbeidet sitt. Dette opphaldet varte til sommaren 1914 då han for heim på sommarferie. I den tida han var i Skjolden arbeidde han på det som vart hans første hovudverk innan filosofien. Utbrotet av første verdskrig og påfyljande krigsfangenskap førte til at han ikkje kom tilbake til Skjolden før i 1921.

I 1914 fekk han bygd seg eit lite hus ved Eidsvatnet, dette vart ferdigstilt medan Wittgenstein var vekke og først i 1921 kunne han ta huset sitt i bruk. Han var fleire gonger tilbake i Skjolden.

Det lengste opphaldet var i 1935-37 då han var der i ca. 15 månadar. I denne tida arbeidde han på det som vart hans andre hovudverk innan filosofien. I 1957 vart huset demontert og flytta til Bolstad i Skjolden der det vart ført opp att som eit tidstypisk 1950-tals hus med eternitt kledning.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden arbeider med å tilbakeføre huset på sin opphavlege plass, (sjå punkt 4.5 for status). Sogn og Fjordane fylkeskommune har dialog med stiftinga og Riksantikvaren vedrørende oppstart av ei fredingssak for Wittgenstein sitt hus. Tilbakemeldinga frå Riksantikvaren er at egedomen etter Wittgenstein er av både nasjonal og internasjonal interesse og at ei tilbakeføring av huset på sin opphavlege stad vil gje tomte ein større verdi enn det den har i dag. Riksantikvaren vil difor ikkje vurdere Wittgenstein sitt hus for freding før det er ført tilbake til opphavleg stad.

#### **4.8 Dendrokronologisk datering av freda bygningar**

I 2018 vart det gjeve opning for at fylkeskommunen kunne nytte ein mindre sum av tilskota til dendrokronologisk datering (årring datering) av freda bygningar. Mange av dei freda bygningane i fylket har ikkje datering og det er difor ynskjeleg at vi i samband med istandsetjingsprosjekt gjennomfører ei dendrokronologisk datering av bygningar dersom dette er mogleg. I 2017 har det vore arbeidd datering av Vonens hus i Fjaler og våningshuset på Nedre Kvamme i Lærdal.

#### **4.9 Rentemidlar**

Kvart år står midlar frå post 71 på konto hjå fylkeskommunen før dei vert betalt ut til dei tildelte prosjekta. Dette av di vi ikkje utbetalar tilskot før arbeidet er starta opp, og ein rest av tilskotet vert først betalt ut når tiltaket er ferdig og vi har motteke rapport og rekneskap. Dei midlane som står på vår konto generer renteinntekter som igjen skal nyttast til tiltak innanfor tilskotsordninga. For 2017 hadde fylkeskommunen kr. 99 166,- i renteinntekter frå post 71.

Då fylkeskommunen i januar 2018 mottok ein søknad om å få dekka meirkostnadar som fylje av vilkår gitt i dispensasjon til hovudhuset på Hovland i Sogndal kommune, føreslår fylkesdirektøren å nytte nokon av rentemidlane til dette tiltaket. Fylkeskommunen har tidlegare trekt tilbake kr. 12 000,- av løyvde tilskot til eit anna prosjekt på Hovland då dette vart rimeligare enn forventa. Fylkesdirektøren føreslår difor at desse midlane vert omfordelt til å dekke meirkostnadane på Hovland i tillegg til at det vert nytta kr. 33 000,- av rentemidlane slik at vi imøtekjem eigar sin søknad om kr. 45 000,- til dekking av meirkostnadar.

Dei resterande kr 66 166,- av rentemidlane føreslår fylkesdirektøren vert fordelt i ei seinare sak, samstundes med fordeling av førehandstildelinga for 2019.

#### **4.10 Midlar for 2018 som ikkje er fordelt**

Fylkesdirektøren føreslår at ein mindre sum av tilskotet ikkje vert fordelt i denne omgang. Erfaring med istandsetjingsprosjekt er at ein ofte finn uførutsette skadar, noko som fordyrar prosjekta i ulik grad. Fylkesdirektøren ser at det er eit visst potensial for dette med fleire av prosjekta som det er foreslått å tildele tilskot til og ynskjer difor å ha moglegheita til å tildele ytterlegare tilskot dersom det skulle bli behov for dette. Dersom ein slik situasjon ikkje oppstår vil fylkesdirektøren gå i gjennom dei innkomne søknadane på nytt. Fylkesdirektøren føreslår difor å fordele resten av tilskotet frå post 71 for 2018 i same sak som tildelinga av førehandsløyvinga for 2019.

## **5. Førehandstildeling for 2019**

Formålet med førehandstildelinga er å gje eigar av dei freda bygga som har store prosjekt føreseielege rammer for å kunne lette planlegginga av istandsetjinga. Førehandsløyvinga for 2019 er på 3,0 mill. kroner. Fylkesdirektøren ynskjer å avvente fordelinga av desse midlane til vi ser korleis dei store istandsetjingsprosjekta utviklar seg. Dersom det vil vere behov for ytterlegare tilskot til desse vil det bli handsama i ei eiga sak i løpet av hausten 2018.



## **6. Vurdering av innkomne søknadar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk inn 20 søknadar om tilskot frå post 71 til ulike istandsetjingsprosjekt i fylket. Fleire av søknadane omhandlar meir enn eitt prosjekt. I samband med vurdering og prioritering av søknadane har fylkesdirektøren vurdert dei opp mot Riksantikvaren sine generelle føresetnader og prioriteringar i deira tildelingsbrev til fylkeskommunen, samt fyljande kriterier:

- Prosjekt som allereie er oppstarta og der fylkeskommunen er involvert.
- Dekking av meirkostnadar som fylje av vilkår sett i dispensasjonar frå fredingsvedtaket.
- Bygningar og anlegg som har TG2 og TG3.
- Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald.

Mange av dei prosjekta fylkesdirektøren føreslår å løyve tilskot til er prosjekt som allereie er starta opp og der fylkeskommunen tidlegare har løyvd tilskot. Fylkesdirektøren ynskjer at desse prosjekta også får støtte i 2018 slik at istandsetjinga kan fortsette.

Ei fylje av vedtak om dispensasjon frå fredingsvedtak er at det i ein del tilfelle vert sett vilkår for dispensasjonen som fordyrar prosjektet. Eigar har krav på å få denne meirkostnaden dekt heilt eller delevis jf. lov om kulturminne § 15a. Vanlegvis oppstår dette som følge av istandsetjingsarbeid på dei freda bygningane, noko som er tilfelle med dei fleste av dei prosjekta fylkesdirektøren føreslår at det vert løyvd tilskot til. Fylkeskommunen har gitt dei nødvendige dispensasjonane frå fredingsvedtak til dei prosjekta det er føreslått å løyve tilskot til.

For omtale og vurdering av dei enkelte prosjekta, sjå vedlegg 3.

### **Prosjekt det er føreslått å ikkje løyve tilskot til**

Av dei innkomne søknadane er det fire prosjekt som fylkesdirektøren har føreslått å ikkje løyve tilskot til. Dette er ny tørrskogang mellom Måløyraidsenteret og bunkeren bak senteret, Ulvikbui, hovudhuset på Leikvin og hovudhuset på Askelund.

Søknaden frå Måløyraidsenteret er om tilskot til å bygge ein gang mellom senteret og bunkeren som ligg i eit bygg bak senteret slik at dei besøkjande kan gå mellom desse to bygga utan å måtte gå ut. Då det her er snakk om eit nybygg kjem det etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje inn under målsetjinga for tilskot frå post 71. Bygningane ved Måløyraidsenteret er heller ikkje freda.

Ulvikbui er ein av dei bygningane som ikkje er freda men som ligg sentralt på Lærdalsøyri. Då bygningen er ein del av det svært verneverdige bygningsmiljøet på Lærdalsøyri er det fylkesdirektøren si vurdering at ein kan løyve tilskot frå post 71 til denne bygningen. Grunnen til at fylkesdirektøren føreslår å ikkje løyve tilskot til denne bygningen er at det allereie er fleire ikkje freda bygningar som etter fylkesdirektøren si vurdering det er viktigare å løyve tilskot til. desse er i hovudsak bygningar der istandsetjinga er starta opp og der fylkeskommunen allereie er inne med tilskot. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at desse prosjekta vert ferdigstilte. Felles for alle dei ikkje freda bygningane det er føreslått å løyve tilskot til, er at fylkeskommunen vurderer å starte opp fredingssak for dei. Dette er pr. i dag ikkje aktuelt for Ulvikbui. Då fylkeskommunen ikkje fekk tildelt heile det omsøkte beløpet er det dessverre nokre gode prosjekt som må få avslag, og Ulvikbui er eit av desse.

Søknaden om tilskot til hovudhuset på Leikvin er mangelfull og eigar skulle ettersende dei manglande dokumenta. Fylkeskommunen har ikkje motteke noko ettersendte dokument og det er noko usikkert kva kostnadane ved tiltaka er og i kva grad nokon av dei allereie er gjennomført. Grunna manglane ved søknaden føreslår fylkesdirektøren at den vert avslagen.

På futegarden Askelund i Balestrand har det gjennom fleire år vert gjeve tilskot til ulike tiltak. Pr. i dag har eigar ein stor sum løyvde tilskot som ikkje er utbetalt og fleire prosjekt som ikkje er ferdigstilt. Dei omsøkte prosjekta er nødvendige, men søknaden er noko mangelfull. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dei tiltaka som det allereie er løyvd tilskot til vert ferdigstilt før eigar får tilskot til nye tiltak. Det bør vurderast å gje tilskot til dei omsøkte tiltaka i 2019 dersom eigar er ferdig med dei påbegynte prosjekta.

## **7. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegg.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)